



Arkivnr: 2017/4402-1  
Saksbehandlar: Øydis Rydland Ziem

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		07.06.2017
Fylkesutvalet		22.06.2017

### Sjølvsforsvarskurs for jenter

#### Samandrag

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget 13.12.16, PS 91/2016, der det vart sett fram følgjande verbalforslag:

«Det vert starta opp eit pilotprosjekt med sjølvsforsvarskurs for jenter».

Både nasjonalt og lokalt har det i fleire år vore diskusjon om kva rolle og ansvar skulane skal ta for å utvikle unge jenters evne til å setje tydelege grenser og kunne forsvare seg effektivt ved fysisk angrep.

Sjølvsforsvarskurs for jenter er etter fylkesrådmannens syn ikkje del av læreplanar i fag og bør ikkje gjennomførast på kostnad av undervisningstid. Det kan likevel vere viktig at skulane tek ei meir aktiv rolle for å leggje til rette for kurstilbod som del av det generelle folkehelsearbeidet i tråd med Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle.

Fylkesrådmannen vil hausten 2017 invitere om lag 3-5 vidaregåande skular til å prøve ut ei ordning der skulane initierer og legg til rette sjølvsforsvarskurs for jenter. Det er ein føresetnad at det skal vere frivillig å delta på kursa og at dei vert arrangert på skulane utanom undervisningstida. Som del av det førebunde arbeidet med prøveordninga vil fylkesrådmannen invitere Bergen kommune til eit møte for å lære meir om deira erfaringar med sjølvsforsvarskurs, og drøfte om det kan vere relevant å samarbeide om utvikling av kurstilbod.

#### Forslag til innstilling

Det skal prøvast ut ei ordning med sjølvsforsvarskurs for jenter ved om lag 3 -5 vidaregåande skular hausten 2017.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 22.05.2017**

Fylkesrådmannen viser til fylkestinget 13.12.16, PS 91/2016, der det vart sett fram følgjande verbalforslag:

«Det vert starta opp eit pilotprosjekt med sjølvforsvarskurs for jenter».

Både nasjonalt og lokalt har det i fleire år vore diskusjon om kva rolle og ansvar skulane skal ta for å utvikle unge jenters evne til å setje tydelege grenser og kunne forsvare seg effektivt ved fysisk angrep. Sjølvforsvarskurs for jenter er etter fylkesrådmannens vurdering ikkje ein del av kjerneoppdraget for skulen og bør ikkje gjennomførast på kostnad av undervisningstid. Det kan likevel vere viktig at skulane tek ei meir aktiv rolle for å leggje til rette for kurstilbod som del av det generelle folkehelsearbeidet i tråd med Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle.

Folkehelsearbeid blir i planen definert som «..samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel for befolkninga, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, og arbeid som beskyttar mot helsetruslar». Vald og overgrep kan ha alvorlege helsemessige konsekvensar for den som blir utsett for det, og viss unge jenter gjennom sjølvforsvarskurs kan styrkje evna til å gjere motstand, så er det eit godt førebyggjande helsetiltak.

Bergen kommune har omfattande erfaring med utprøving av sjølvforsvarskurs for jenter både i ungdomsskulane på 90-talet og seinare med å leggje til rette for gratis kurstilbod i regi av Frivillighetssentralen i ulike bydelar. Kursa tek for seg utfordringar mange jenter møter i kvardagen, som til dømes seksuell trakassering, dårleg sjølvtilitt eller frykt for overgrep. Gjennom samtale/utveksling av erfaringar og trening er målet at dei skal hjelpe kvarandre til å bli tryggare på seg sjølv.

Fylkesrådmannen vil gå i dialog med Bergen kommune for å lære meir om deira erfaringar med sjølvforsvarskurs, og drøfte om det kan vere relevant å samarbeide om utvikling av kurstilbod.

Vidare vil fylkesrådmannen hausten 2017 invitere om lag 3-5 vidaregåande skular til å prøve ut ei ordning der skulane initierer og legg til rette sjølvforsvarskurs for jenter. Det er ein føresetnad at det skal vere frivillig å delta på kursa og at dei vert arrangert på skulane utanom undervisningstida. Kursa skal bidra til auka kunnskap om seksualisert vald og trakassering på ein arena der jentene kan føle seg trygge. Dei skal ha eit innhald og omfang som bidrar til at deltakarane kan bli tryggare som personar og betre rusta til å handtere uventa fysiske angrep. Det er skal leggjast vekt på å utvikle kurstilbod som er ein kombinasjon av gruppesamtalar med vekt på refleksjon/erfaringsdeling og fysisk trening på sjølvforvar.